

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 76/2008**

**av 6. juni 2008**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område  
utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 23/2005 av 8. februar 2005<sup>(1)</sup>.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1150/2007/EF av 25. september 2007 om skiping av særprogrammet ”Førebygging av og informasjon om narkotikabruk” for tidsrommet 2007-2013, som ein del av det overordna programmet ”Grunnleggjande rettar og rettferd”<sup>(2)</sup>.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2008 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 16 nr. 1 i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32007 D 1150:** Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1150/2007/EF av 25. september 2007 om skiping av særprogrammet ”Førebygging av og informasjon om narkotikabruk” for tidsrommet 2007-2013, som ein del av det overordna programmet ”Grunnleggjande rettar og rettferd” (EUT L 257 av 3.10.2007, s. 23).”

---

<sup>(1)</sup> EUT L 161 av 23.6.2005, s. 52, og EØS-tillegget til EUT nr. 32 av 23.6.2005, s. 30.

<sup>(2)</sup> EUT L 257 av 3.10.2007, s. 23.

## *Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2008.

## *Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.